



Kinn kommune

Møteprotokoll

Utval:	Plan- og miljøutvalet
Møtestad:	Florø - Øklandbygget, Skongenes
Dato:	28.04.2026
Tid:	Kl. 09:00 - 13:40

Følgjande medlemmer møtte	Parti
Bente Nygård	Kinn AP
Jan Gunnar Holvik	Kinn FrP
Kjell Bjørn Refvik	Kinn FrP
Arlene Vågene	Kinn H
Trine Merete Hovland	Kinn H
Gustav Johan Nydal	Kinn KrF
Roy Solheim Husevåg	Kinn Rødt
Jan Arve Midtbø	Kinn SP

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti
Doris Christensen	Kinn AP	Ola Teigen	Kinn AP

Andre som møtte:

Emma Ulriksen Igland, ungdomsrepresentant
Solbjørg Tonheim, observatør eldrerådet

Frå administrasjonen møtte:

Rolf Bjarne Sund, kommunalsjef
Margit Drivenes Kløvfjell, nestleiar
Heidi Dyrøy, saksbehandlar
Janicke Svendal, saksbehandlar
Frode Ellingsund, teknisk sjef

Ymse:

Representant Midtbø (SP) forlot møtet under votering av sak 037/26. Ingen vara.
Representant Nydal (KrF) fråtreidde møtet kl. 11.00, før behandling av sak 037/26.
Ingen vara.

Måløy, 29.04.2026

Arlene Vågene
Hovudutvalsleiar

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
032/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
033/26	Godkjenning av møteprotokoll
034/26	Spørsmål
035/26	Orienteringar
036/26	Drøftingssak - prinsipp for handsaming av merknader frå 2. gong høyring av kommuneplanens arealdel
037/26	Godkjenning av Planprogram - Detaljregulering for Ulvesundet, Kariskjeret og Teknesjerflua, tiltak i farleia. PlanID 20250003
038/26	Sluttbehandling - Detaljregulering Nygårdstangen, gbnr. 309/12, 157, offentlig formål
039/26	Plansak for offentlig ettersyn - Privat detaljregulering for Deknepollen, gbnr 305/69 m.fl - næring, veg. PlanID 20240004
040/26	Plansak for offentlig ettersyn - Detaljregulering for Kryss Rv.5 - Kvalvika, Nesjane
041/26	Plansak for offentlig ettersyn - Privat detaljregulering for Slettevollholten, Brandsøy, 18/264, Næring. PlanID20250007
042/26	Refererte skriv og meldingar
043/26	Delegert sak
044/26	Forskrift om jakt på hjort i Kinn kommune

032/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 28.04.2026:

Godkjenning av innkalling:

Ingen merknadar.

Godkjenning av sakliste:

Ingen merknadar.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

PMUV- 032/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

033/26: Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 28.04.2026:

Ingen merknadar.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

PMUV- 033/26 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

034/26: Spørsmål

Behandling i Plan- og miljøutvalet 28.04.2026:

Ingen spørsmål.

PMUV- 034/26 Vedtak:

Ingen spørsmål, ingen vedtak.

035/26: Orienteringar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 28.04.2026:

Det vart orientert om:

Naturpolitisk dokument v/Vestlandsforskning.

Status tilknytingsstopp i Florø.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding samrøystes vedteke.

PMUV- 035/26 Vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

036/26: Drøftingssak - prinsipp for handsaming av merknader frå 2. gong høyring av kommuneplanens arealdel

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Plan- og miljøutvalet vedtek å legge følgjande prinsipp til grunn i handsaming av innkomne merknader ved 2. gongs offentleg ettersyn av kommuneplanens arealdel:

1. Kommuneplanprosess vidare vert basert på slutthandsaming for godkjenning av kommuneplanens arealdel
2. Innspel som inneber behov for ny konsekvensutgreiing og/eller ny offentleg høyring, vert ikkje imøtekome

3. Innspel som gjeld forhold det er knytt motsegn til, vert ikkje imøtekome.
4. Innspel som gjeld LNF-spreidd innanfor areal som har vore på 1. gongs offentleg høyring, men var tatt ut ved 2. gongs offentleg høyring, vert vurdert å ta til følge når desse ikkje er i konflikt med:
 - Skredfare eller aktsemdkart for skredfare
 - Dyrka mark (fulldyrka, overflatedyrka, beitemark)
 - Naturverdiar (omsynssone, DN handbok 13)
 - Registrert myrareal (AR5)
 - Friluftsliv (omsynssone, sikra område, turstiar)
 - Bandlagde kulturminne (potensiale for nye kulturminne må avklarast med fylkeskommunen, evt. løysast m/plankrav)
5. Innspel som gjeld areal til akvakultur som har vore på 1. gongs offentleg høyring, men var tatt ut eller redusert ved 2. gongs offentleg høyring, og der det ikkje har lagt føre varsel om motsegn, vert vurdert å ta til følge.
6. Innspel som gjeld naust/småbåthamn i innanfor eldre reguleringsplan som er foreslått oppheva, som ikkje var innarbeidd i høyringsforslag til kommuneplanens arealdel, og der tiltak/grunnarbeid har fått godkjent byggeløyve i samsvar med reguleringsplanen, vert vurdert å ta til følge
7. Innspel som gjeld utnyttingsgrad og byggehøgde som låg i eldre reguleringsplan som er foreslått oppheva, vert imøtekome når kommuneplanforslaget ikkje har fanga opp dei faktiske avgrensingane som låg i eldre reguleringsplan.
8. Innspel om å rotere AKV209 frå vest-aust til sørvest-nordaust, utan å auke arealet, kan vurderast etter prosess med oppdatering av Konsekvensutgreiing og forenkla høyring.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 28.04.2026:

Endring, foreslått av Arlene Vågene, Kinn Høgre

pkt 4. Endring/utviding som gjeld LNF-spreidd innanfor areal som har vore på 1. gongs offentleg høyring, men var tatt ut ved 2. gongs offentleg høyring, vert vurdert å ta til følge når desse ikkje er i konflikt med:

- Skredfare eller aktsemdkart for skredfare
- Dyrka mark (fulldyrka, overflatedyrka, beitemark)
- Naturverdiar (omsynssone, DN handbok 13)
- Registrert myrareal (AR5)
- Friluftsliv (omsynssone, sikra område, turstiar)
- Bandlagde kulturminne (potensiale for nye kulturminne må avklarast med fylkeskommunen, evt. løysast m/plankrav)

pkt 9. Utviding av AKV202/203 mot sør, vest, aust og evt. nord, kan vurderast etter prosess med oppdatering av Konsekvensutgreiing og forenkla høyring.

Røysting:

Det vert røysta punktvis.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak i punkt 1 samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak i punkt 2 samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak i punkt 3 samrøystes vedteke.

Endringsframlegg frå Høgre v/repr. Vågene til punkt 4 samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak i punkt 5 vedteke mot ei røyst frå Raudt v/Husevåg.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak i punkt 6 samrøystes vedteke.
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak i punkt 7 samrøystes vedteke.
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak i punkt 8 vedteke mot ei røyst frå Raudt v/Husevåg.
Tilleggsframlegg frå Høgre v/repr. Vågene vedteke mot ei røyst frå Raudt v/Husevåg.

PMUV- 036/26 Vedtak:

Plan- og miljøutvalet vedtek å legge følgjande prinsipp til grunn i handsaming av innkomne merknader ved 2. gongs offentleg ettersyn av kommuneplanens arealdel:

1. Kommuneplanprosess vidare vert basert på slutthandsaming for godkjenning av kommuneplanens arealdel
2. Innspel som inneber behov for ny konsekvensutgreiing og/eller ny offentleg høyring, vert ikkje imøtekome
3. Innspel som gjeld forhold det er knytt motsegn til, vert ikkje imøtekome.
4. Endring/utviding som gjeld LNF-spreidd innanfor areal som har vore på 1. gongs offentleg høyring, men var tatt ut ved 2. gongs offentleg høyring, vert vurdert å ta til følgje når desse ikkje er i konflikt med:
 - Skredfare eller aktsemdkart for skredfare
 - Dyrka mark (fulldyrka, overflatedyrka, beitemark)
 - Naturverdiar (omsynssone, DN handbok 13)
 - Registrert myrareal (AR5)
 - Friluftsliv (omsynssone, sikra område, turstiar)
 - Bandlagde kulturminne (potensiale for nye kulturminne må avklarast med fylkeskommunen, evt. løysast m/plankrav)
5. Innspel som gjeld areal til akvakultur som har vore på 1. gongs offentleg høyring, men var tatt ut eller redusert ved 2. gongs offentleg høyring, og der det ikkje har lagt føre varsel om motsegn, vert vurdert å ta til følgje.
6. Innspel som gjeld naust/småbåthamn i innanfor eldre reguleringsplan som er foreslått oppheva, som ikkje var innarbeidd i høyringsforslag til kommuneplanens arealdel, og der tiltak/grunnarbeid har fått godkjent byggeløyve i samsvar med reguleringsplanen, vert vurdert å ta til følgje.
7. Innspel som gjeld utnyttingsgrad og byggehøgde som låg i eldre reguleringsplan som er foreslått oppheva, vert imøtekome når kommuneplanforslaget ikkje har fanga opp dei faktiske avgrensingane som låg i eldre reguleringsplan.
8. Innspel om å rotere AKV209 frå vest-aust til sørvest-nordaust, utan å auke arealet, kan vurderast etter prosess med oppdatering av Konsekvensutgreiing og forenkla høyring.
9. Utviding av AKV202/203 mot sør, vest, aust og evt. nord, kan vurderast etter prosess med oppdatering av Konsekvensutgreiing og forenkla høyring.

037/26: Godkjenning av Planprogram - Detaljregulering for Ulvesundet, Kariskjeret og Teknesjerflua, tiltak i farleia. PlanID 20250003

I medhald av Plan- og Bygningslova § 12-9, 3. avsnitt, vert Planprogram for Detaljregulering for Ulvesundet, Kariskjeret og Teknesjerflua, tiltak i farleia. PlanID 20250003, sist datert 13.04.2026, godkjent.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 28.04.2026:

Representanten Midtbø (SP) var ikkje til stade under voteringa. Ingen vara.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

PMUV- 037/26 Vedtak:

I medhald av Plan- og Bygningslova § 12-9, 3. avsnitt, vert Planprogram for Detaljregulering for Ulvesundet, Kariskjeret og Teknesjerflua, tiltak i farleia. PlanID 20250003, sist datert 13.04.2026, godkjent.

038/26: Sluttbehandling - Detaljregulering Nygårdstangen, gbnr. 309/12, 157, offentlig formål

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kinn kommunestyre vedtek framlegg til Detaljregulering Nygårdstangen, gbnr. 309/12, 157, offentlig formål, planID 20230004, med planomtale plankart og føresegner sist datert 15.04.2026 og ROS-analyse sist datert 17.03.2026, samt andre tilhøyrande dokument.
2. Ved godkjenning av Detaljregulering Nygårdstangen, gbnr. 309/12, 157, offentlig formål, planID 20230004 tek ein sikte på å tilpasse ny plan til, og oppheve delar av følgjande planar, inkludert alle seinare planendringar, delplanar og tilhøyrande føresegner:
 - Reguleringsplan for Tennebø, planID 1439199303, vedteken 07.06.1993.
 - Mindre endring av Reguleringsplan for Tennebø, tilkomst til Måløy vgs, planID 1439201803, vedteken 07.06.2018.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 28.04.2026:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

PMUV- 038/26 Vedtak:

1. Kinn kommunestyre vedtek framlegg til Detaljregulering Nygårdstangen, gbnr. 309/12, 157, offentlig formål, planID 20230004, med planomtale plankart og føresegner sist datert 15.04.2026 og ROS-analyse sist datert 17.03.2026, samt andre tilhøyrande dokument.
2. Ved godkjenning av Detaljregulering Nygårdstangen, gbnr. 309/12, 157, offentlig formål, planID 20230004 tek ein sikte på å tilpasse ny plan til, og oppheve delar av følgjande planar,

inkludert alle seinare planendringar, delplanar og tilhøyrande føresegner:

- Reguleringsplan for Tennebø, planID 1439199303, vedteken 07.06.1993.
- Mindre endring av Reguleringsplan for Tennebø, tilkomst til Måløy vgs, planID 1439201803, vedteken 07.06.2018.

039/26: Plansak for offentlig ettersyn - Privat detaljregulering for Deknepollen, gbnr 305/69 m.fl - næring, veg. PlanID 20240004

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Plan- miljø og næringsutvalet godkjenner at framlegg til Privat detaljregulering for Deknepollen, gbnr 305/69 m.fl – næring, veg. PlanID 20240004, med planomtale med ROS-analyse, føresegner og plankart datert 10.03.2026, med tilhøyrande plan- og utgreiingsdokument, vert utlagt til offentlig ettersyn i samsvar med PBL § 5-2, § 12-10 og § 12-11, når følgjande er endra:
 - Innarbeide rekkjefølgjekrav knytt til detaljprosjektering og dokumentasjon for at tiltak ikkje legg opp til forverra vasskvalitet i Deknepollvatnet.
 - Innarbeide tilkomst til F/K/T3 frå o_KV3, som tilfredsstillar krav i N100
 - Tekniske rettingar i Plankart/plandokument
2. Kommunen ber særskild om innspel på følgjande punkt i høyringsfasen:
 - Avklaring av om planløyning inneber at eksisterande næringsverksemd på gbnr 305/53 og 305/106 har vegtilkomst frå begge køyrefelt i Rv. 15. Eventuelt kva tiltak som kan sikre dette eller alternative løysingar.
3. Kommunedirektøren skal før offentlig ettersyn sørge for at innhaldet i planen og framstillinga av han blir digitalisert og kvalitetssikra, og at eventuelle mindre suppleringar og justeringar blir gjorde.
4. Ved godkjenning av Privat detaljregulering for Deknepollen, gbnr 305/69 m.fl - næring, veg. PlanID 20240004, tek ein sikte på å oppheve delar av følgjande planar, inkludert alle seinare planendringar, delplanar og tilhøyrande føresegner:
 - Reguleringsplan for Degnepollen av 13.03.1982, PlanID 1439198201

Behandling i Plan- og miljøutvalet 28.04.2026:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

PMUV- 039/26 Vedtak:

1. Plan- miljø og næringsutvalet godkjenner at framlegg til Privat detaljregulering for Deknepollen, gbnr 305/69 m.fl – næring, veg. PlanID 20240004, med planomtale med ROS-analyse, føresegner og plankart datert 10.03.2026, med tilhøyrande plan- og utgreiingsdokument, vert utlagt til offentlig ettersyn i samsvar med PBL § 5-2, § 12-10 og § 12-11, når følgjande er endra:
 - Innarbeide rekkjefølgjekrav knytt til detaljprosjektering og dokumentasjon for at tiltak ikkje legg opp til forverra vasskvalitet i Deknepollvatnet.
 - Innarbeide tilkomst til F/K/T3 frå o_KV3, som tilfredsstillar krav i N100
 - Tekniske rettingar i Plankart/plandokument
2. Kommunen ber særskild om innspel på følgjande punkt i høyringsfasen:
 - Avklaring av om planløyising inneber at eksisterande næringsverksemd på gbnr 305/53 og 305/106 har vegtilkomst frå begge køyrefelt i Rv. 15. Eventuelt kva tiltak som kan sikre dette eller alternative løysingar.
3. Kommunedirektøren skal før offentlig ettersyn sørgje for at innhaldet i planen og framstillinga av han blir digitalisert og kvalitetssikra, og at eventuelle mindre suppleringar og justeringar blir gjorde.
4. Ved godkjenning av Privat detaljregulering for Deknepollen, gbnr 305/69 m.fl - næring, veg. PlanID 20240004, tek ein sikte på å oppheve delar av følgjande planar, inkludert alle seinare planendringar, delplanar og tilhøyrande føresegner:
 - Reguleringsplan for Degnepollen av 13.03.1982, PlanID 1439198201

040/26: Plansak for offentlig ettersyn - Detaljregulering for Kryss Rv.5 - Kvalvika, Nesjane

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Plan- miljø og næringsutvalet godkjenner at framlegg til Detaljregulering for Kryss Rv.5 - Kvalvika, Nesjane, planID 20240006, med planomtale og føresegner datert 14.04.2026, plankart datert 26.02.2026 og ROS-analyse datert 20.02.2026 vert utlagt til offentlig ettersyn i samsvar med PBL § 5-2, § 12-10 og § 12-11.
- 2.
3. Kommunedirektøren skal før utlegging av planen til offentlig ettersyn sørgje for at innhaldet i planen og framstillinga av han blir digitalisert og kvalitetssikra, og at eventuelle mindre tekniske suppleringar og justeringar blir gjorde.
3. Ved godkjenning av Detaljregulering for Kryss Rv.5 - Kvalvika, Nesjane, planID 20240006 tek ein sikte på å tilpasse ny plan til, og oppheve delar av følgjande planar, inkludert alle seinare planendringar, delplanar og tilhøyrande føresegner:
 - Detaljreguleringsplan Eikefjord-Nesjane, gbnr 52/1,2 m.fl., planID 4602_140119860103, vedteke 09.12.1986
 - Detaljreguleringsplan Kvalvik-Knapstad Rv 5, planID: 4602_140119980102, vedteke 27.10.1998
 - Detaljreguleringsplan Kvalvik-Grov Rv 5, planID: 4602_140120020104, vedteke: 16.04.2002
 - Detaljreguleringsplan Kvalvika, del av gbnr. 52/1, Bustad, planID: 4602_140120030102, vedteke 11.03.2003

- Detaljreguleringsplan Eikefjord-Nesjane, del av gbnr. 52/1, Vegserviceanlegg, planID: 4602_140119890111, vedteke: 03.10.1989

Behandling i Plan- og miljøutvalet 28.04.2026:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

PMUV- 040/26 Vedtak:

1. Plan- miljø og næringsutvalet godkjenner at framlegg til Detaljregulering for Kryss Rv.5 - Kvalvika, Nesjane, planID 20240006, med planomtale og føresegner datert 14.04.2026, plankart datert 26.02.2026 og ROS-analyse datert 20.02.2026 vert utlagt til offentlig ettersyn i samsvar med PBL § 5-2, § 12-10 og § 12-11.
2. Kommunedirektøren skal før utlegging av planen til offentlig ettersyn sørge for at innhaldet i planen og framstillinga av han blir digitalisert og kvalitetssikra, og at eventuelle mindre tekniske suppleringar og justeringar blir gjorde.
3. Ved godkjenning av Detaljregulering for Kryss Rv.5 - Kvalvika, Nesjane, planID 20240006 tek ein sikte på å tilpasse ny plan til, og oppheve delar av følgjande planar, inkludert alle seinare planendringar, delplanar og tilhøyrande føresegner:
 - Detaljreguleringsplan Eikefjord-Nesjane, gbnr 52/1,2 m.fl., planID 4602_140119860103, vedteke 09.12.1986
 - Detaljreguleringsplan Kvalvik-Knapstad Rv 5, planID: 4602_140119980102, vedteke 27.10.1998
 - Detaljreguleringsplan Kvalvik-Grov Rv 5, planID: 4602_140120020104, vedteke: 16.04.2002
 - Detaljreguleringsplan Kvalvika, del av gbnr. 52/1, Bustad, planID: 4602_140120030102, vedteke 11.03.2003
 - Detaljreguleringsplan Eikefjord-Nesjane, del av gbnr. 52/1, Vegserviceanlegg, planID: 4602_140119890111, vedteke: 03.10.1989

041/26: Plansak for offentlig ettersyn - Privat detaljregulering for Slettevollholten, Brandsøy, 18/264, Næring. PlanID20250007

1. Plan og miljøutvalet godkjenner at framlegg til Privat Detaljregulering for Slettevollholten/Brandsøy, gbnr. 18/264, Næring, PlanID 20250007, med ROS-analyse datert 19.02.2026 og planomtale, føresegner og plankart datert 10.04.2026, samt tilhøyrande plan-

og underlagsdokument, vert utlagt til offentlig ettersyn i samsvar med PBL § 5-2, §12-10 og § 12-11.

- 2.
3. Kommunedirektøren skal før offentlig ettersyn sørge for at innhaldet i planen og framstillinga av han blir digitalisert og kvalitetssikra, og at eventuelle mindre suppleringar og justeringar blir gjorde.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 28.04.2026:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

PMUV- 041/26 Vedtak:

1. Plan og miljøutvalet godkjenner at framlegg til Privat Detaljregulering for Slettevollholten/Brandsøy, gbnr. 18/264, Næring, PlanID 20250007, med ROS-analyse datert 19.02.2026 og planomtale, føresegner og plankart datert 10.04.2026, samt tilhøyrande plan- og underlagsdokument, vert utlagt til offentlig ettersyn i samsvar med PBL § 5-2, §12-10 og § 12-11.
2. Kommunedirektøren skal før offentlig ettersyn sørge for at innhaldet i planen og framstillinga av han blir digitalisert og kvalitetssikra, og at eventuelle mindre suppleringar og justeringar blir gjorde.

042/26: Refererte skriv og meldingar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 28.04.2026:

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding samrøystes vedteke.

PMUV- 042/26 Vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

043/26: Delegert sak

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Delegerte saker vert tekne til vitande slik dei ligg føre.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 28.04.2026:**Røysting:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

PMUV- 043/26 Vedtak:

Delegerte saker vert tekne til vitande slik dei ligg føre.

044/26: Forskrift om jakt på hjort i Kinn kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til Forskrift om jakt på hjort i Kinn kommune vert lagt ut til offentlig høyring.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 28.04.2026:**Røysting:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

PMUV- 044/26 Vedtak:

Framlegg til Forskrift om jakt på hjort i Kinn kommune vert lagt ut til offentlig høyring.